

Saksprotokoll

Organ: Fellesnemnda

Møtedato: 21.09.2018

Sak nr.: 17/4179-17

Internt l.nr. 43759/18

Sak: 34/18

Tittel: Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune

Behandling:

INNSTILLING frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
- Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

INNSTILLING frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Endringsframlegg:

Åshild Johanne Kjelsnes (A), sette fram slikt fellesframlegg på vegner av representantane frå Sogn og Fjordane:

«Innstillinga frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane vert fremja med følgjande tillegg.
Ny siste setning i pkt 1 i innstilling frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane.

«Avtalen skal evaluerast etter 3 år.»»

Avrøysting:

Innstillinga frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane og Kjelsnes sitt fellesframlegg fekk 9 røyster frå Sogn og Fjordane sine representantar, og fall.

Innstillinga frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune fekk 15 røyster frå Hordaland sine representantar, og vart vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
- Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.